

Arkivsak: 2021/856-1

Arkiv: 140

Saksbehandlar: Anne Silje Berg

Dato: 09.03.2021

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
		Formannskapet

Forslag til planprogram - kommuneplanen sin samfunnsdel

Vedlegg

- 1 Forslag til planprogram

Innstilling frå administrasjonssjefen

Formannskapet vedtek å sende forslaget til planprogram på høyring og legge det ut til offentleg ettersyn i seks veker. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-13.

Høyringa blir kunngjort i Fjuken og på kommunen si heimeside.

Saksutgreiing

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart sist vedteke i 2016. I Lom kommune sin planstrategi for perioden 2020-2023, vedteke av kommunestyret 24. november 2020, er det lagt opp til revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel med oppstart i 2021 og slutføring i 2022. Forslaget til planprogram som formannskapet nå skal behandle er ein del av denne prosessen.

Planstrategien legg også rammer for revideringa av samfunnsdelen:

- *Samfunnsdelen sin funksjon som styringsverktøy i eit plansystem må tilleggast stor vekt. Planens innretting og innhald, prosess, og mobilisering må bli tilpassa dette.*
- *Samfunnsdelen må ha tydelege satsingsområde og hovudmål som vert eigmeldt av det sittande kommunestyret. Planen må vere tydeleg og ikkje for omfattande i volum. Det er kommunestyret si oppgåve å gjere viktige hovudprioriteringar og gje retning gjennom samfunnsdelen slik at den kan fungere som eit reelt styringsverktøy*
- *Utan tydelege politisk prioriterte satsingsområde og hovudmål i samfunnsdelen vil det vere svært vanskeleg å kople samfunnsdelen til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan.*
- *Revisjonsprosessen må gå raskt. Samfunnsdelen må reviderast tidleg i valperioden dersom det nye kommunestyret gjennom planstrategien meiner heile eller deler av samfunnsdelen skal takast opp til ny diskusjon. Kommunestyret bør sette frist for når det skal ha samfunnsdelen til behandling.*

Planprogram er heimla i plan- og bygningslova § 11-13 jamfør § 4-1. Det skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad, ulike alternativ som blir vurdert og behovet for utgreiingar.

Strategisk plan for helse- og omsorgstenester

I planstrategien er helse- og omsorgsplanen vist som ein av planane som skal reviderast, og utvidast til strategisk plan for helse- og omsorgstenester. I samband med at prosjektet *Framtidig bu- og tenestetilbod* starta opp ved nyttår, ser ein at å utarbeide ein strategisk plan for helse- og omsorgstenester vil dekke mykje av det same som prosjektrapporten til *Framtidig bu- og tenestetilbod* vil omfatte. Administrasjonssjefen vurderer det derfor som mest tenleg å gå bort frå revidering av nemnde plan. Ein konsekvens av dette er at planstrategien bør opp til revidering.

Kommunestruktur

9. mars skal kommunestyret behandle saka *Invitasjon frå Vågå om å bygge ny kommune i Nord-Gudbrandsdal*. Saka blir behandla same dag som dette saksframlegget med forslag til planprogram blir sendt ut til politisk handsaming. Dette fører med seg at saksframlegget og planprogrammet ikkje har moglegheit til å ta inn i seg kommunestyret si avgjerd i kommunesamanslåingsaka. Formannskapet må derfor i sitt vedtak 16. mars sjå spesielt på dette. Det gjeld kapittelet *Kommunestruktur* i planprogrammet.

Vurdering

Forslag til tema, framdrift og medverknad har vore ei administrativ vurdering der leiargruppa med administrasjonssjef og kommunalsjefar har vore involverte i drøftingar og innspel. Val av tema er gjort på bakgrunn av det ein per i dag veit rører seg av overordna tema og arbeid, planstrategien og kva ein ser av gjeldande samfunnsplan bør endrast.

Opplegget for medverknad i planarbeidet er ikkje skildra detaljert og korleis ein sikrar medverknad må ta omsyn til dei til kvar tid gjeldande restriksjonar som følgjer av Covid 19-pandemien. Utgangspunktet er at dei folkevalde organa som blir involvert i planprosessen representerer befolkninga i kommunen, og i tillegg er det ønskjeleg å kunne gjennomføre opne (digitale) møte der ein informerer om prosessen og gjev folk moglegheiter til å stille spørsmål og kome med innspel. Eitt av desse møta bør vere under høyringa av planprogrammet.

Administrasjonssjefen vurderer at dette vil sikre ein involverande prosess der eitt av måla, større politisk og administrativt eigarskap til samfunnssdelen, blir nådd. Om ein oppnår dette, vil samfunnssdelen bli eit tydelegare og meir relevant styringsverktøy for kommunen.

Forslaget til planprogram som nå blir foreslått gjer greie for bakgrunnen for revideringa og kva rammer og retningsliner som skal ligge til grunn for arbeidet med samfunnssdelen. I tillegg viser det forslag til framdriftsplan, opplegg for medverknad og eit utval tema som blir foreslått teke inn i planarbeidet. Lista over tema er imidlertid ikkje uttømmande, og i politisk behandling og i høyringa kan det kome innspel som vil medføre endringar. Det kan også på seinare tidspunkt i planprosessen kome fram andre tema som vil vere relevante å ta inn. Administrasjonssjefen vurderer imidlertid at forslaget til planprogram som nå blir lagt fram er eit godt utgangspunkt å sende ut til offentleg ettersyn og deretter arbeide vidare med.

Det er formannskapet som skal vedta å legge forslaget til planprogram til offentleg ettersyn. Saka blir også sendt som politiske sak til eldrerådet, ungdomsrådet, råd for personar med funksjonsnedsetting, samfunnsutvalet og levekårsutvalet, for at desse skal få planprogrammet på dagsorden og gjevast ei god moglegheit for å utarbeide ei uttale.